

## Sjgra over Tysnes-lag med 8-1!

20.06.2009



Hans Fredrik Zimmer frå Uskedalen med kurs for mål! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Njardar frå Tysnes møtte det blanda laget frå Uskedalen, Seimsfoss, Omvikdalen og Uskedalen til seriekamp i gutar 13 på Heio laurdag og sende tysnesingane heim med 8-1-tap. Det var ei stor oppmuntring for eit lag som har spela ni kampar i serien til no og vunne berre tre.**



Det sigrande laget. Frå venstre foran Johannes Taranger, Uskedalen, Hans Fredrik Zimmer, Uskedalen, Ørjan Øvsthus, Omvikdalen, Håvard Krossøy, Rosendal, Bjørn Martin Haugland, Uskedalen, Jone R, Kjærland, Uskedalen og Håvard Furdal, Rosendal. Bak frå venstre Sondre Eskeland, Rosendal, Johannes Guddal, Seimsfoss, Jonathan Naterstad, Seimsfoss, Hermund Døssland, Uskedalen, Anders S. Moss, Rosendal og Stian Myklebust, Uskedalen. Mats Raustein frå Uskedalen var skada og ikkje med i kampen. Bak til høgre står trenar Bjørn Egil Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Njardar ligg betre an på tabellen, der kvinnheringane no ligg omtrent på midten - det vil seie på femteplassen. Ved pause laurdag leia heimelaget 3-1, men i andre omgangen var det heilt dominerande.

Sju av dei 14 spelarane på laget er frå Uskedalen.

Ikkje minst Sondre Eskeland frå Rosendal imponerte med fire mål i kampen medan Johannes Taranger frå Uskedalen sette inn to og Hans Fredrik Zimmer (Uskedalen) og Anders S. Moss (Rosendal) eitt kvar.

Bjørn Egil Haugland frå Uskedalen trenar gutane to gonger i veka. Uskedelingane på laget har veteranen trena sidan dei var sju år gamle. Ingen har spela så mange kampar for Uskedalen som Bjørn Egil, før det vart 'ekteskap' med Rosendal.

Med unnatak av uskedelingen Hermund Døssland, som er fødd i 1997, høyrer samtlige spelarar på 'gutar 13' til 1996-årgangen.

Laurdag låg det an til ei lita dommar-krise, men Ivar Gundersen stilte i siste augneblink opp som dommar.

Av Ola Matti Mathisen